



# KARTLEGGING OG VERDSETJING AV OMRÅDE FOR FRILUFTSLIV I STORD KOMMUNE



STORD KOMMUNE  
DESEMBER 2015

 plan vest

Rapport nr.	S12851-1	Dato	30.11.2015
Prosjekttype	Kartlegging og analysearbeid - friluftsliv	Prosj.nr.	12851
Tittel	Kartlegging og verdsetjing av område for friluftsliv i Stord kommune		
Oppdragsgjevar	Stord kommune		
Prosjektorganisering	Prosj. leiar Sylve Rusten, Stord kommune		
Referat	Rapporten omhandler kartlegging og verdsetjing av Friluftsområde i Stord kommune. Arbeidet er utført etter mønster frå veileder M98-2013 frå Miljødirektoratet.		
Produsert av	Plan Vest AS avd. Stord	Postboks 667	5404 Stord Tlf. 53 40 37 80 Mail: <a href="mailto:post@planvest.no">post@planvest.no</a> Web: <a href="http://www.planvest.no">www.planvest.no</a>
Kontrollert av	Kari Hope		

## **FORORD**

Kartlegginga og verdsetjinga er gjort for å få ein oversikt over område for friluftsliv i Stord kommune og gradera kvaliteten på dei og såleis vera eit nyttig arbeidsverkty når framtidige planar skal lagast. Målet er at viktige friluftsområde ikkje vert bygd ned grunn manglande kunnskap om kvaliteten og bruken dei har. Det er og kome eit plankrav for å få søkja statlege midlar til sikring og opparbeidning av friluftsområde frå 2018.

Arbeidet starta opp i 2012. Stord kommune v/ Sylve Rusten (rådgjevar idrett- og friluftsliv) har vore prosjektleiar medan Plan Vest as har vore innleidd konsulent, og stått for det praktiske arbeidet, utarbeiding av kart og rapport.

Prosjektgruppa har hatt slik samansetjing:

Sylve Rusten (prosjektleiar), Tove Vikanes Agdestein (folkehelsekoordinator i Stord kommune) og Kari Hope frå Plan Vest. Tone Riisnæs i Stord kommune har også delteke med kartarbeid, og frå Plan Vest har Ingunn Varanes medverka i arbeidet.

Rapporten syner kva som er status quo pr. dato, men storleik og kvalitet for områda kan vert endra ved ny kunnskap, det kjem endringar i infrastruktur eller anna utbygging. Det er ei føremon at planen vert rullert jamleg.

Det meste av arbeidet var ferdigstilt i juni 2015, men materialet er blitt gjennomgått og kvalitetssikra okt./nov. 2015.

Stord , 05. desember 2015

# Innhold

FORORD .....	iii
<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>1</b>
1.1 Bakgrunn og oppdrag .....	1
1.2 Målsetjing med prosjektet .....	1
1.3 Overordna målsetjingar og føringar .....	1
1.3.1 Nasjonale føringar .....	1
1.3.2 Regionale føringar .....	2
1.3.3 Kommunale føringar.....	3
1.4 Klårgjering av omgrep .....	3
<b>2. KARTLEGGING OG VERDSETTING .....</b>	<b>5</b>
2.1 Avgrensing av område .....	5
2.1.2 Regionalt kartlagde og verdsette område.....	5
2.1.3 Lokale område for friluftsliv .....	6
2.2 Metode for kartlegging .....	6
2.3 Kartlegging av område.....	7
2.3.1 Områdetypar.....	7
2.3.2 Natur.....	7
2.3.3 Landskap.....	8
2.3.4 Planstatus .....	8
2.4 Verdsetjing av område for friluftsliv.....	9
2.4.1 Kriterium for verdivurdering .....	9
2.4.2 Forklaring til verdivurderingstabell .....	9
<b>3. OMRÅDESKILDRING OG VERDIVURDERING .....</b>	<b>12</b>
OMRÅDE ROMMETVEIT / HUGLO .....	14
R1 Mehemannsåto – Kattnakkjen, regionalt område .....	16
1 Lundsseter.....	18
2 Vadelva – Grov .....	20
3 Hetlesæter .....	22
4 Vatnadalen .....	24
R2 Huglo – Storsøyo, regionalt område .....	26
5 Storsøy .....	28
6 Brandvikneset .....	30

7	Brandvik - Sør Huglo .....	32
8	Tveitøyane.....	34
9	Høgafjellet.....	36
11	Ådlandsskogen .....	38
11	Hovaneset / Sævarhagsvikjo.....	40
12	Rommetveit/ Øklandslio .....	42
13	Prestagarden /Golfbanen .....	44
14	Hundsåsen.....	46
15	Kvednaneset .....	48
	<b>OMRÅDE LEIRVIK .....</b>	<b>50</b>
R3	Hystadmarkjo, regionalt område.....	52
16	Hystadmarkjo .....	52
17	Hystadøyane .....	54
R4	Sponavikjo - Gullberg , regionalt område .....	56
18	Gullberg.....	56
19	Naustvågen .....	58
R5	Ådlandsvatnet, regionalt område .....	60
20	Ådlandsvatnet .....	60
21	Frugardselva.....	62
22	Frugardsskogen.....	64
R11	Digernes, regionalt område .....	66
23	Digernesskogen.....	68
R12	Landåsen, regionalt område .....	70
24	Landåsen .....	71
25	Hornelandsneset.....	75
26	Alnavågen.....	77
27	Sæbø / Dagfinnsvikjo .....	79
28	Hybelsneset.....	81
29	Todlarneset .....	83
30	Vikastemmo .....	85
31	Lønningsåsen .....	87
	<b>OMRÅDE SAGVÅG .....</b>	<b>89</b>
R6	Baståsen – Grimsåsen, regionalt område .....	91
33	Baståsen .....	93

34	Storeldalen / Ulvatjødno.....	95
R7	Sætreåsen – Bjødnahifjellet, regionalt område.....	99
35	Utslettefjellet .....	101
36	Dyvikesåto.....	103
37	Hustrudalen .....	105
R8	Storavatnet, regionalt område .....	107
38	Storavatnet .....	107
39	Almåstre .....	111
40	Sandvik .....	113
R9	Dåfjorden, regionalt område .....	115
41	Dåfjorden .....	115
R10	Føyno – Nautøy, regionalt område .....	117
42	Føyno - Nautøy.....	119
43	Kroktjødno – Valvatnavågen.....	121
44	Nesskogen.....	123
45	Rossneset .....	125
46	Rukjen .....	127
47	Almåsskogen .....	129
48	Bleikjevikjo og Bleikjo.....	131
49	Sætrevik .....	133
50	Syndeset/Tjøregrovneset.....	135
51	Lyngneset .....	137
52	Einarsdalens.....	139
53	Høgåsen .....	141
54	Løkjen.....	143
55	Lamannen .....	145
56	Almåsen .....	147
57	Nestjødno.....	149
	<b>VEDLEGG.....</b>	<b>150</b>
	<b>KJELDELITTERATUR:.....</b>	<b>153</b>
	<b>TABLOLOVERSIKT: .....</b>	<b>153</b>
	<b>BILETOVERSIKT: .....</b>	<b>153</b>

# **1. INNLEIING**

## **1.1 Bakgrunn og oppdrag**

Friluftslivet er eit satsingsområde både lokalt, regionalt og nasjonalt. I Hordaland er det tidlegare gjort ei kartlegging av friluftsområde som er av regional verdi, der 12 område i Stord kommune er registrert. Stord kommune ynskjer å registrera også lokalt viktige område for friluftsliv.

Friluftsliv er viktig for alle grupper i samfunnet, og ikkje minst for skulane som skal ha fysisk aktivitet kvar dag. Mange brukar naturen som rekreasjonsområde, og friluftsliv er gjerne knytt til utfartsområde og turområde. Område for friluftsliv kan og vera snarvegen til jobben gjennom skogen, fiskeplassen, området for bærplukking, skisporten på jordet, båtplassen med meir. Å få kartlagd desse lokale områda er omfattande, og i dette arbeidet har ein måtta gjera eit utval. Avgrensing og metodikk for dette kjem ein attende til i kap. 2.1. Totalt er 57 område kartlagt og verdivurderte.

I kommuneplanen for Stord står det at det er viktig å ta vare på dei grøne lungene samt å knyta dei sentrumsnære områda saman med naturområda utanfor. Å få verna kulturmiljø, grøne lunger og friluftsområde er viktig både for psykisk og fysisk helse. Det er eit stadig press på ubygde areal, og det er viktig å få avklara kva naturområde som er av verdi for friluftslivet. Kommuneplanen for Stord set krav om fortetting av utbygde areal. Å ta vare på dei grøne lungene som er att vert i så måte endå viktigare.

## **1.2 Målsetjing med prosjektet**

Målsetjinga med arbeidet er å utarbeide ei oversikt over lokale område for friluftsliv i Stord kommune, registrera kvalitetane ved dei ulike områda, og koma fram til ei verdsetjing og prioritering av område for friluftsliv. Ut frå verdsetjing av dei ulike områda vil ein dele områda i A (Særs viktige), B (Viktige) og C (registrerte) område for friluftsliv.

## **1.3 Overordna målsetjingar og føringar**

### **1.3.1 Nasjonale føringar**

Nasjonale mål for friluftslivet vert skildra i *"St.meld. nr. 39 (2000-2001) Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet"*. Det sentrale i denne planen er at alle skal ha høve til å driva med friluftsliv som helsefremjande, triveskapande og miljøvenleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles. Allemannsretten, sikring av område, utvikling av samanhengande grøntområde og aktivitetstilbod til barn og unge er sentrale tema i planen.

I Stortingsmeldinga er det påpeika at "Å sikre og utvikle gode høve for friluftsliv i nærmiljøet vil seie å leggje vekt på dei areala som er lettast tilgjengelege for alle grupper i befolkninga. Dette gjeld m.a.

grøntstrukturen, bymarka, delar av kulturlandskapet og delar av strandsona. Desse areala har særleg stor verdi for høva til å drive friluftsliv for barn og eldre og for dei som er inaktive og lite motiverte. Ei satsing på å sikre og utvikle attraktive areal i nærmiljøet er naudsynt for å følgje opp målsetjinga om friluftsliv for alle.”

Nasjonale resultatmål:

- Friluftslivet basert på allemannsretten skal haldast i hevd i alle lag av innbyggjarane.
- Born og unge skal få høve til å utvikle dugleik i friluftsliv.
- Område av verdi for friluftslivet skal sikrast slik at det fremjar miljøvenleg ferdsle, opphold og hausting, og at naturgrunnlaget vert teke vare på.
- Ved bustadar, skular og barnehagar skal det vere god tilgang til trygg ferdsle, leik og anna aktivitet i ein variert og samanhengande grøntstruktur med gode samband til omkringliggjande naturområde.

*Viktig lover og rettleiarar som angår friluftsliv er:*

- Lov om folkehelse (folkehelseloven) av 24.06.2011,
- Lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelova) av 1. januar 2009
- Stortingsmelding 34 (2012-2013) Folkehelsemeldingen God helse – felles ansvar
- Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv. En satsing på friluftsliv i hverdagen 2014-2020
- Stortingsmelding 19 (2014-2015) Folkehelsemeldingen - Mestring og muligheter.

Idrettsmeldinga i 2012 frå Kulturdepartementet, «Den norske idrettsmodellen», held fram at staten sin visjon for idrettspolitikken er idrett og fysisk aktivitet for alle. Målet er å legge til rette for at alle som ynskjer det skal ha sjansen til å delta i idrett eller drive eigenorganisert fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv.

### 1.3.2 Regionale føringer

**Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2008-2012)** har som hovudmål at innbyggjarane i Hordaland skal kunne vera ’aktiv kvar dag’ etter eigne ynskje og føresetnadar på ålmant tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur.

Satsingsområda i planen er :

- Fysisk aktivitet – partnarskap for folkehelse
- Fysisk aktivitet - idrett
- Fysisk aktivitet – friluftsliv
- Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Denne planen, som ved oppstart av prosjektet var eit sentralt dokument for friluftslivspolitikken, er no erstatta av **Regional kulturplan for Hordaland**.

### **Område for friluftsliv: Regionale friluftsområde i Hordaland, 2008**

Det er i samarbeid mellom Fylkeskommune og Fylkesmann gjennomført ei kartlegging av areal som vert nytta og har verdi for friluftslivet i Hordaland.

**Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland (vedteken 4.9.2009)** omhandlar viktige regionale anlegg. Mellom eksisterande anlegg for friluftsliv i Sunnhordland er nemnt Nordsjøløyene og Nordsjøsykkeleruta.

**Regional plan for folkehelse 2014-2015 Fleire og gode leveår (vedteken 11.03.2014)** uttrykker visjonen for folkehelsearbeider og stakar ut kurser for eit målretta samarbeid for å fremje folkehelse og universell utforming.

### **1.3.3 Kommunale føringar**

**Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Stord 2015 - 2025** vart vedteken av kommunestyret 12.02.2015.

Planen skal setja i verk sentral og regional politikk for idrett, friluftsliv og folkehelse, og vera rettleiande for kommunen i samarbeidet med frivillige organisasjoner og andre aktørar.

Hovudmålet i planen er fysisk aktivitet og friluftsliv for alle, med delmåla:

- Stord kommune skal bidra til auka fysisk aktivitet for innbyggjarane i kommunen.
- Stord kommune skal leggja til rette for gode anlegg og område for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

**Grøntstruktur, turvegar og gang-/sykkelvegar på Stord. Delprosjekt til kommuneplanen sin arealdel (Stord kommune 2010)** Utgangspunktet for prosjektet var trivsel- og folkehelseperspektiv, og prosjektet hadde som målsetjing å kartleggja turvegar og sykkelvegar, og vurdera tilgjenge for ulike brukargrupper. Bolk I omhandlar grøntstruktur og turvegar, medan bok II tek for seg hovudnettet for gang- og sykkelvegar. Til rapporten er det m.a. gjort registreringar av eksisterande turvegar på kart, og fremja forslag til tiltak når det gjeld turvegar og sykkelvegar.

### **1.4 Klårgjering av omgrep**

Følgjande definisjon er lagt til grunn for det offentlige arbeidet med friluftsliv sidan tidleg på 1970-tallet: «**Friluftsliv** er opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandringar og naturoppleving».<sup>1</sup>

I lov om friluftslivet (28. juni 1957) vert følgjande aspekt ved friluftslivet veklagt:

---

<sup>1</sup> M98-2013: Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder (Miljødirektoratet)

*«Formålet med loven er å verne friluftslivets naturgrunnlag og klargjøre allmennhetens rett til ferdsel, opphold mv. i naturen, slik at muligheten til å utøve friluftsliv som en helsefremmende, triveselsskapende og miljøvennlig fritidsaktivitet bevares og fremmes.»*

Desse definisjonane omhandlar ikkje berre sjølve aktiviteten som vert utøvd, men også kva for «omgjevnadar» aktivitetane føregår i, kva for opplevingar friluftslivutøvarane har, og kva effektar aktiviteten har både for utøvarane og for områda dei bruker.

**Friluftsområde og friområde:** felles omgrep på område som er tilgjengeleg for ålmenta si frie ferdsel.

**Friluftsområde** er store, ofte uregulerte område som i hovudsak er eigd av private, og som vert omfatta av "allemannsretten". Vanlege aktivitetar i områda er turliv, jakt, fiske, plukking av bær, fysisk aktivitet og trening. I kommuneplanen sin arealdel er friluftsområde som oftast vist som LNF-område. I reguleringsplanen kan friluftsområde setjast av til arealformål friluftsliv eller turdrag.

**Sikra friluftsområde** er område eigd av stat/kommune eller område med avtale som sikrar rett for ålmenta.

**Nærmiljø** vert definert som menneske sitt daglege livsmiljø.

**Friluftsliv** vert definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving. Begge desse definisjonane skildrar opphald og fysisk aktivitet i friluft knyte til bustad- og tettstadsnære uteområde, byrom, parkar og friluftsområde.

**Regionale friluftsområde** har regional verdi og har mange brukarar. Det dreiar seg ofte om litt større, samanhengande tur- og naturområde langs kysten, i skogen eller i fjellet, inkludert tilkomstkorridorar og oppmarsjområde frå hytteområde/busetnad og veg. I denne rapporten er omgrepet nytta om område som er registrert som regionalt viktige friluftsområde.

I denne rapporten nyttar ein omgrepet '**område for friluftsliv**' eller 'friluftslivsområde', som eit samleomgrep for alle område som vert nytta til friluftsliv og friluftsaktivitetar. Omgrepet dekkar alle type område uansett planjuridisk status.

## 2. KARTLEGGING OG VERDSETTING

### 2.1 Avgrensing av område

Målsetjinga har vore å kartleggja område i kommunen som er i bruk som friluftsområde, og område som har potensiale for bruk. Det vart i 2010 utarbeidd ein eigen plan for grøntstruktur, turvegar og gang/sykkelvegar på Stord ('Turvegprosjektet'), som eit delprosjekt til kommuneplanen sin arealdel. Registreringar herifrå er brukt som grunnlag for kartlegging av område for friluftsliv. Større område (over 200 daa) som er registrert i rapporten under kapittel om grøntstruktur er medrekna. Nokre område under 200 daa er også teke med. I tillegg har ein teke med område som i kommuneplanen har fått omsynssone friluftsliv (H530) eller er vist som grøntstruktur/friluftsområde. Av desse områda er det fleire små område.

Arbeidet omfattar følgjande type område:

- Område (eller deler av område) som er registrert som *felles turområde*<sup>2</sup>
- Område som er registrert som *lokale turområde* (grøntområde)<sup>3</sup>
- Område med *omsynssone friluftsliv* (H530) i kommuneplanen
- Mindre område som i kommuneplanen er registrert som grøntstruktur / friområde.

Under 'felles turområde' inngår Regionale friluftsområde, som tidlegare er registrert som regionalt viktige område for friluftsliv.<sup>4</sup> Desse områda er alt verdsett, men er likevel teke med i rapporten.

#### 2.1.2 Regionalt kartlagde og verdsette område

Regionale friluftsområde er område med stort nedslagsfelt og mange brukarar, anten totalt eller i forhold til folkemengda i regionen. Områda kan vera større, samanhengande tur- og naturområde langs kysten, i skogen eller i fjellet, men kan også vere mindre område med spesielle kvalitetar som gjer at området har regional verdi. Stord har 12 område registrert, sjå tabell nedanfor.

Desse områda er delt i følgjande kategoriar: Utfartsområde, Strandsona og Marka-område (nære turområde). Fleire av områda er rangert som regionalt viktige friluftslivområde (A).

Nr.	Namn	Strand-sone	Marka	Utfarts-område	Verdi
R1	Mehammarsåto – Kattnakkjen			x	A
R2	Huglo –Storsøyo	x			B
R3	Hystadmarkjo	x			A
R4	Sponavikjo	x			A

<sup>2</sup> Registrert som Felles turområde i 'Turvegprosjektet'

<sup>3</sup> Område nemnt under grøntstruktur i 'Turvegprosjektet'

<sup>4</sup> Område for friluftsliv. Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland

R5	<i>Ådlandsvatnet</i>	x			A
R6	<i>Baståsen – Grimsåsen</i>		x		B
R7	<i>Sætreåsen – Bjødnahifjellet</i>			x	C
R8	<i>Storavatnet</i>	x			A
R9	<i>Dåfjorden</i>	x			B
R10	<i>Føyne – Nautøy</i>	x			A
R11	<i>Digernes</i>		x		B
R12	<i>Landåsen</i>		x		B

Tabell 1: Oversikt over regionale friluftsområde i Stord kommune

Nasjonale og regionale friluftsområde er vist som Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område) i kommuneplanen. Alle områda, bortsett frå Område 1: Mehamsåto – Kattnakken og område 7 Sætreåsen – Bjødnahifjellet har fått omsynssone Friluftsliv i kommuneplanen.

Innanfor dei regionale friluftsområda er det vurdert om området, eller enkelte delområde, bør ha høgare verdi lokalt.

### 2.1.3 Lokale område for friluftsliv

Det er valt ut 57 lokale område for friluftsliv, som er kartlagt og verdsett. Dette er område som har betydning som friluftsområde lokalt, enten for heile kommunen eller for enkelte bygdelag/bydelar.

Oversikt over områda er vist i vedlagt tabell (vedlegg 1). Tabellen viser også areal og antall busette<sup>5</sup> i 500m avstand til området. Areal er oppgjeve i m<sup>2</sup>.

Områda er skildra nærmere i kap. 3.

## 2.2 Metode for kartlegging

Informasjon er henta frå eksisterande kjelder, som kommuneplan, turkart, turvegprosjekt og frå kunnskap i prosjektgruppa. For kartlegging av områdekvalitetar og tilretteleggingsgrad er det nytta informasjon frå turvegprosjektet, og eigne synfaringar/registreringar. Det er teke synfaringar i ulike område for å registrera bruk, opplevingsverdiar osv.

I samband med prosjektet er det innhenta opplysningar frå Statistisk Sentralbyrå om kor mange innbyggjarar som soknar til kvart område, rekna i 500 m avstand frå ytterkant av friluftsområdet. Sjå vedlagt oversikt.

---

<sup>5</sup> Opplysningar får SSB pr. sep.2014.

Det er ikkje gjort spørjeundersøking eller anna registrering frå brukarar av områda. Kartlegging i form av til dømes barnetråkk er eit viktig verkemiddel for å registrera bruk av område, men er ikkje sett i verk i samband med dette prosjektet.

## 2.3 Kartlegging av område.

### 2.3.1 Områdetypar.

I miljødirektoratet sin rettleiar for kartlegging av område for friluftsliv er det skild mellom følgjande områdetypar:

- Strandsona (SS)
- Marka (MA)
- Utfartsområde (UO)
- Nærturterren (NT)
- Leike- og rekreasjonsområde (LR)
- Grøntkorridor (GK)
- Kulturlandskap (KL)
- Store turområde med tilrettelegging (TM)
- Store turområder utan tilrettelegging (TU)
- Særlege kvalitetsområde (SK)
- Andre friluftslivområde (AF)

I Stord kommune har ein ingen områder klassifisert som Store turområde (TM eller TU), verken med eller utan tilrettelegging. Dei største områda (m.a. Stordfjellet) er alt registrert som Utfartsområde (UO). I registreringa har ein heller ikkje teke med område i kategoriene Kulturlandskap eller Andre friluftslivsområde. Mange av dei registrerte områda omfattar fleire ulike områdetypar (for eksempel strandsone og nærturområde) men er registrert med ein hovudtype.

Fordeling av dei ulike områdetypane er synt i tabell innleiingsvis for kvar del av kommunen, og er også gjeve som opplysning (forkorta) under det enkelte område.

Som innleiing til kvart område er det også gjeve opplysningar om natur og landskap, samt planstatus. Registreringar som har betydning for verdsetjing av området er ført i tabellform, jf. kap. 2.5.

### 2.3.2 Natur

For å registrera naturtilhøve er det nytta info frå Naturbase og Artsdatabanken. Informasjon er også henta frå rapporten *Kartlegging og verdsetting av Naturtypar i Fitjar og Stord*<sup>6</sup>. Registrerte naturtypar og artsførekommstar er omtalt, saman med andre kjende naturverdiar. Informasjonen er innhenta i 2014, eventuell oppdateringar i Naturbase er difor ikkje kome med her, om ikkje dette særskilt er nemnt.

Det er registrert 27 ulike naturtypar på Stord, fordelt på følgjande hovudtypar:

---

<sup>6</sup> FM i Hordaland - MVA-rapport 2/2008.

- Myr
- Rasmark, berg og kantkratt
- Kalkrike områder i fjellet
- Kulturlandskap
- Ferskvatn/våtmark
- Skog
- Kyst og havstrand

### **2.3.3 Landskap**

For å registrera landskap er det nytta info fra Kilden/Skog og Landskap, og fra rapportane Landskapstyper ved kyst og fjord i Hordaland<sup>7</sup> og Landskapskartlegging av Hordaland Fylke<sup>8</sup>. Her er registrert landskapstypar og spesielle særtrekk ved landskapet.

Fylgjande landskapstypar er representert i Stord kommune:

Landskapstype 21-T1 Breie fjordløp og fjordmøter

- 21-T1-01 Bømlafjorden

Landskapstype 21T 06 'Vågsvatn':

- 21T06-02 Storavatnet

Landskapstype 21T07 'Kysthei'

- 21T07-01 Huglo

Landskapstype 21 T10 'Vestlandets skogsåsar'

- 21T10-11 Landåsen
- 21T10-13 Dale – Ådland
- 21T10-14 Håvåsen
- 21T10-15 Presthaug
- 21T10-16 Sæteråsen
- 21T10-17 Lundarstøl
- 21T10-18-Sæteråsen

Landskapstype 21T12 Kystfjell

- 21T12-03 Stord (Stordfjellet)

### **2.3.4 Planstatus**

Planstatus gir opplysning om området er omfatta av reguleringsplan, og kva planformål det har i kommuneplenen. Planstatus er henta fra kommunens plandatabase Fonnakart<sup>9</sup>, supplert av opplysningar frå Stord kommune.

<sup>7</sup> Oskar Puschmann: Landskapstyper langs kyst og fjord i Hordaland. HFK/ NIJOS rapport 10/2004.

<sup>8</sup> Uttakleiv, L.A. 2009. Landskapskartlegging av Hordaland Fylke. (Aurland Naturverkstad/Hordaland FK)

<sup>9</sup> [www.fonnakart.no](http://www.fonnakart.no)

## 2.4 Verdsetjing av område for friluftsliv

Kartleggings- og verdettingsarbeidet er basert på metode utvikla av Direktoratet for naturforvaltning, men er forenkla og tilpassa til regionalt/lokalt nivå.

Områda er vurdert slik at dei framstår med ein totalverdi som A-, B- eller C-område, dvs. "særsviktig", "viktig" eller "registrert". Verdien er resultat av poenggjeving i verditabell for kvart område. (Sjå tabell 2 nedanfor). I rapporten er verdien (A, B eller C) påført kvart område.

### 2.4.1 Kriterium for verdivurdering

Kriterium er i samsvar med handbok M98/2013 (Veileder for Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder)

Ein har nytta følgjande tabell for å registrera kriterium for verdivurdering, der 1 er lågaste verdi, og 5 er høgaste:

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens						
Regionale og nasjonale brukarar						
Opplevingskvalitetar						
Symbolverdi						
Funksjon						
Kor eigna er området						
Tilrettelegging						
Kunnskapsverdiar	Tel ikkje med i totalsummen					
Lydmiljø	Tel ikkje med i totalsummen					
Inngrep	Tel ikkje med i totalsummen					
Utstrekning	Tel ikkje med i totalsummen					
Tilgjenge	Tel ikkje med i totalsummen					
Potensiell (auka) bruk	Tel ikkje med i totalsummen					

Tabell 2 :Tabell for poengsettjing ved verdivurdering

### 2.4.2 Forklaring til verdivurderingstabell

Brukarfrekvens seier om området er mykje eller lite brukt. Registreringa er basert på lokal kunnskap. Område med etablerte turstiar som også er nytta av turlag, skular og barnehagar osv. vert vurdert å ha høg bruk. Andre indikatorar er registrert bruk i turbok, stitrakk, osv. SSB har kartlagt kor mange innbyggjarar som soknar til området <sup>10</sup>, jf. kap.2.2. Dette kan seia noko om potensiale for bruk av området, men er ikkje brukt som kriterium for brukarfrekvens.

---

<sup>10</sup>Bebuarar i avstand mindre enn 500 m frå området

### Regionale /nasjonale brukarar.

Her vert det skild mellom om området berre er brukt av innbyggjarar i nærmiljøet, av folk frå andre område i kommunen eller om det vert brukt av folk utanfor kommunen (regionale brukarar). Alle områda som er forvalta av Friluftsrådet Vest vert definert som område med regional bruk.

### Opplevingskvalitetar

Her vert vurdert om området har spesielle natur- eller kulturhistoriske opplevingskvalitetar eller om området har eit spesielt landskap. Spesielle naturfenomen, elvar /vatn /sjø, dyreliv, kulturminner eller kulturlandskap er viktige moment. Utsiktpunkt eller andre spesielle turmål er også rekna som grunnlag for opplevingskvalitetar.

### Symbolverdi

Her vert vurdert om området har ingen/litt/middels/ganske stor/stor symbolverdi. Spesielle kulturminne, tradisjonelle samlingsplassar eller verdiar knytt til identitet vert rekna med her.

### Funksjon

Gjeld om området har ein spesiell funksjon (tilkomst/korridor mot andre område) utanom reine friluftslivsinteresser. Her vert det gjeve poeng til område som tener som innfallsportar, grøntkorridor eller samanhengande strandsone.

### Kor eigna er området

I utgangspunktet er alle dei registrerte områda eigna for friluftsliv. Området får auka verdi dersom det har kvalitetar knytt til spesifikke aktivitetar, f.eks. klatring, fisking, bading o.a.

### Tilrettelegging

Her vert det vurdert om området er tilrettelagt for særskilde aktivitetar eller grupper. Parkering, tilrettelagt turveg, skilting, og utstyr (benk/bord, badebrygge med meir) vert medrekna i vurderinga.

Andre verdsetjingskriterium som ikkje tel i samband med poengsetjing er:

- Kunnskapsverdiar: Er området eigna i undervisningssamanheng eller har området særskilde natur- eller kulturvitenskaplege kvalitetar?
- Lydmiljø: Har området godt lydmiljø?
- Inngrep: Er området inngrepsfritt?
- Utstrekning: Er området stort nok for å utøve dei ynskja aktivitetane?
- Tilgjenge: Er tilgjenger godt eller kan det verte godt?
- Potensiell bruk: Har området potensial utover dagens bruk?

Dei sistnemnde kriteria er berre kommentert der det er særskilde eigenskapar.

Verdien vert fastsett ut frå poenggjeving i tabellen i fig.1, og i samsvar med tabellen nedanfor (fig.2). Generelt gir 5 poeng på eitt eller fleire kriterier verdi A, 3 eller 4 poeng gir verdi B. Viss brukarfrekvens el. regionale brukarar gir 4 eller 5 poeng, gir dette også verdi A.

Vedlagt oversikt (Vedlegg nr.2) viser ei samanstilling av poenggjevinga.


Verdi	
Verdi	Anbefalt skala
<b>A Svært viktig friluftslivsområde</b>	Bukerfevens = 4, 5 eller Regionale/nasjonale brukere 4, 5 eller Opplevelseskvaliteter = 5 eller Symbolverdi = 5 eller Funksjon = 5 eller Egnethet = 5 eller Tilrettelegging = 5 eller En generell høy skåre
<b>B Viktig friluftslivsområde</b>	Bukerfevens = 3 eller Regional/nasjonal bruk 3 eller Opplevelseskvaliteter = 3, 4 eller Symbolverdi = 3, 4 eller Funksjon = 3, 4 eller Egnethet = 3, 4 eller Tilrettelegging = 3, 4 eller En generell middels skåre
<b>C Registrert friluftslivsområde</b>	Bukerfrekvens = 2 eller Regional/nasjonal bruk 2 eller Opplevelseskvaliteter = 2 eller Symbolverdi = 2 eller Funksjon = 2 eller Egnethet = 2 eller Tilrettelegging = 2 eller En generell lav skåre
<b>D Ikke klassifisert friluftslivsområde</b>	Områder som ikke blir verdsatt som A, B eller C.

Tabell 3 *Skjema for verdisetting. Tabellen er henta fra rapporten Kartlegging og verdstting av friluftsområder M98-2013*


### 3. OMRÅDESKILDRING OG VERDIVURDERING

Ved presentasjon av dei enkelte områda har ein valt å dela kommunen i 3 deler: Rommetveit/Huglo, Leirvik og Sagvåg.

Av dei 57 lokale områda som er vurderte er 15 i området Rommetveit/Huglo, 15 i Leirvik-området og 27 i Sagvåg-området. Kart nedanfor viser fordeling av dei registrerte områda. Jf. liste over områda i vedlegg 1.



# ROMMETVEIT/HUGLO




## OMRÅDE ROMMETVEIT / HUGLO

Innanfor Rommetveit og Huglo er fylgjande område registrert:

Regionale Lokale	Namn	Strand- sone	Marka	Utfarts- område	Nærtur- terreng	Grønt- korridor	Forvaltning/ Merknader
		SS	MA	UO	NT	GK	
R1	Mehammarsåto – Kattnakkjen			UO			
	1 Lundsseter			UO			Inngår delvis i omr.R1
	2 Vadelva Grov			UO			Inngår delvis i omr.R1
	3 Hetlesæter			UO			
	4 Vatnadalen					GK	
R2	Huglo –Storsøyo	SS					
	5 Storsøy	SS					Inngår i omr.R2
	6 Brandvikneset	SS					Inngår i omr.R2
	7 Brandvik - Sørhuglo	SS					Inngår i omr.R2
	8 Tveitøyane	SS					Inngår i omr.R2
	9 Høgafjellet		MA				
	10 Ållandsskogen		MA				
	11 Hovaneset / Sævarhagsvikjo	SS					
	12 Rommetveit / Øklandslio	SS					
	13 Golfbanen (Tyse)					GK	Park
	14 Hundsåsen		MA				
	15 Kvednaneset	SS					

# MEHAMMARSÅTO - KATTNAKKEN



M=1:50000

## R1 Mehammarsåto – Kattnakkjen, regionalt område

*Regionalt friluftsområde - ID 1221-1.*

*43395 daa.*

*(UO)*

DET REGIONALE OMRÅDET ER TIDLEGARE KARTLAGT OG VERDSETT SOM SÆRS VIKTIG:

**Verdi A**

Innanfor området er fylgjande 3 lokale område vurdert særskilt:

- Lundsseter
- Vadelva – Grov
- Hetlesæter



# LUNDSÆTER



M=1:40000

# 1 Lundsseter

Lokalt område / del av regionalt friluftsområde - ID 1221-1.

(UO)

Verdi A

## Skildring

Området utgjer eit platå med myrlendt mark (200 moh) mellom Sjoalemyro og Heio. Området er inngang til Stordfjellet på vinterstid, med parkeringsplassar ved Fjellstova og kraftstasjonen ved Tyseskaret. Hytta på Lundarstøl er samlingspunkt for vinterutfart / snøleik. Lysløypa (4 km) i området har preparerte løyper, og er mykje nytta vinterstid. Idrettslaget (skigruppa) har skistadion her for avvikling av lokale skirenn.

Det er berre 1 person som er registrert busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

## Naturverdiar

Leveområde for storfugl og trekkkrute for hjort (naturbase).

## Landskap


Tilhøyrer delvis landskapstype 21T10-17. Området er småkupert, med myrar og åsar med glissen furuskog. Elva frå Kvelve møter elva frå Tysevatnet, og går over i Vadelva lenger nede.

## Planstatus 2014

LNF- område i kommuneplanen.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Mykje brukt					5
Regionale og nasjonale brukarar	Regional bruk bl.a. i samband med skirenn og utfart				4	
Opplevingskvalitetar	Dyre- og fugleliv		2			
Symbolverdi	Viktig utfartsstad om vinteren. Tradisjon knyte til Lundarstøl (Peder Lundarstølmarsjen)			3		
Funksjon	Korridor mot fjellet				4	
Kor eigna er området	Særs godt eigna for skigåing/langrenn					5
Tilrettelegging	Lysløype, parkering					5
Kunnskapsverdiar						
Lydmiljø	Godt					
Inngrep	Kraftverk, vegar og parkeringsplassar					
Utstrekning	1447 daa					
Tilgjenge	Lett tilgjengeleg					
Potensiell (auka) bruk						

# VADELVA - GROV



M=1:40000

## 2 Vadelva – Grov

Lokalt område / del av regionalt friluftsområde - ID 1221-1.

(UO)

Verdi B

### Skildring

Omfattar eit område nord for Fjellgardane, langs Grovaelva frå Sjoalemyro til Grov. Området ligg på 100 moh. Det er skogsvegar i området. 284 personar er registrert busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

Yngleområde for spettefugl. Grensar til Sjoalemyro naturreservat.

### Landskap


Tilhøyrer hovudsakleg landskapstype 21T10-15. Området er småkupert, med myrar og åsar med glissen furuskog. Vadelva og Grovelva går gjennom området.

### Planstatus 2014

LNF- område i kommuneplanen.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Middels mykje brukt			3		
Regionale og nasjonale brukarar	Lokal bruk			3		
Opplevingskvalitetar	Elvar, vegetasjon og dyreliv		2			
Symbolverdi	Tradisjon knytt til bruk av elva, m.a. Hauglandskvedno	1				
Funksjon		1				
Kor eigna er området	Skogsveg med mogelegheit for rundløype			3		
Tilrettelegging	Skilting, parkering langs Lundarstølvegen				4	
Kunnskapsverdiar						
Lydmiljø	Godt					
Inngrep	Skogsvegar					
Utstrekning	4538 daa					
Tilgjenge	Lett tilgjengeleg					
Potensiell (auka) bruk						

# HETLESÆTER



M=1:20000

### 3 Hetlesæter

Lokalt område / del av regionalt friluftsområde - ID 1221-1.

(UO)

Verdi B

#### Skildring

Skogsområde mellom Agdestein og Lundsseter, kulturlandskap på Hetlesæter inngår i området. 50 personar er registrert busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

#### Naturverdiar

Kystfuruskog, beiteområde hjort, trekkrute hjort, område med hole eiker.

#### Landskap


Tilhøyrer dels landskapstype 21T10-17. Det meste av området er kupert åslandskap med kystfuruskog i veksling med myrdrag.

#### Planstatus 2014

LNF- område i kommuneplan.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Lite - middels	1				
Regionale og nasjonale brukarar	Lokale brukarar		2			
Opplevingskvalitetar	Natur- og kulturlandskap			3		
Symbolverdi	Ingen kjend	1				
Funksjon	Korridor mot fjellet		2			
Kor eigna er området				3		
Tilrettelegging	Skogsveg, stiar	1				
Kunnskapsverdiar						
Lydmiljø	Noko støy frå E39					
Inngrep	Skogsvegar					
Utstrekning	8540 daa					
Tilgjenge						
Potensiell (auka) bruk	Betre parkering og skilting					

# VATNADALEN



M=1:40000

## 4 Vatnaden

Lokalt område

(GK)

Verdi A

### Skildring

Daldrag med elv / bekkelaup mellom Øvre Økland og Stordfjellet. Tursti nordaustover til Lundsseter, nordvestover til Prestavarden /Sæterbø og til Stordfjellet via Ravatnet.

28 personar er registrert busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

Ingen funn i naturbase.

### Landskap

Tilhører dels landskapstype 21T10-16. Det meste av området er kupert åslandskap med kystfuruskog.

### Planstatus 2014

LNF- område i kommuneplanen, omsynssone friluftsliv.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Mykje brukt turområde				4	
Regionale og nasjonale brukarar	Mest lokal bruk			3		
Opplevingskvalitetar	Elvar, natur og landskap			3		
Symbolverdi	Liten	1				
Funksjon	Korridor mot fjellet			3		
Kor eigna er området	Lett terreng, bratt stigning mot fjellet			3		
Tilrettelegging	Turveg, skilting		2			
Kunnskapsverdiar	Ingen kjend					
Lydmiljø	Godt					
Inngrep	Skogsvegar					
Utstrekning	1772 daa					
Tilgjenge	Lett tilgjengelig					
Potensiell (auka) bruk	Betra parkering					

# HUGLO - STORSØY



M=1:40000

## R2 Huglo – Storsøyo, regionalt område

Regionalt friluftsområde - ID 1221-2

7506 daa.

(SS)

OMRÅDET ER TIDLEGARE KARTLAGT OG VERDSETT SOM VIKTIG:


Verdi B

Innanfor området er fylgjande 4 område vurdert særskild:

- Storsøy
- Brandvikneset
- Brandvik – Sør Huglo
- Tveitøyane



# STORSØY



M=1:20000

## 5 Storsøy

Lokalt område / del av regionalt friluftsområde - ID 1221-2

(SS)

Verdi A

### Skildring

Øy nord for Huglo, på grensa mot Tysnes. Området omfattar både Storsøya, Litla Storsøya og sjøområda rundt. Øyane er skogkledd med kystfuruskog. Det er ikkje registrert busette innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

Storsøy naturreservat: "Formålet med fredinga er å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at Storsøy har kalkfuruskog, rettvaksne furutre med innslag av karakteristisk edellauvskog. Området har eit særverneverdig plantesamfunn."

(Naturbase) Trekkveg for hjort mellom Tysnes og Huglo.

### Landskap

Tilhører landskapstype 21T07 'Kysthei', 21T07-01 Huglo

Særprega øy med rik vegetasjon, jf. naturverdiar. Terrenget er prega av bratte lier og skrentar. Området er del av det kystnære landskapsrommet mellom Stord, Huglo og Tysnes.

### Planstatus 2014

På land: Uregulert, LNF-område i kommuneplanen. Omsynssone friluftsliv, bandlegging etter lov om naturvern, bandlegging etter lov om kulturminner. I sjø: kombinert føremål natur og friluftsliv omgjeve av føremål akvakultur, fiske og ferdsel i kommuneplanen. Omsynssone friluftsliv.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Ferdsel med båt og fiske. Områda på land har tett skog og er lite brukt.	1				
Regionale og nasjonale brukarar	Lite ferdsel på land, men området har naturverdiar av regional/nasjonal interesse.				4	
Opplevingskvalitetar	Kalkfuruskog med bergflette, gamle kalkomnar				4	
Symbolverdi	Lokalhistorie (natur/ kultur)			3		
Funksjon	Ingen spesiell		2			
Kor eigna er området	Lite egna til fotturar på land, godt egna til båtturar og fiske.			3		
Tilrettelegging	Ingen	1				
Kunnskapsverdiar	Unik kalkfuru/ kustfuruskog, historiske verdiar med kalkbrenning.					
Lydmiljø	Ingen					
Inngrep	Ingen					
Utstrekning	874,2 daa.					
Tilgjenge	Ikkje universelt utforma. Berre tilgjengeleg med båt.					
Potensiell (auka) bruk	Tilrettelegging av kaianlegg, men urealistisk pga. status som naturreservat.					

# BRANDVIKENESET



M=1:20000

## 6 Brandvikneset

Lokalt område / del av regionalt friluftsområde - ID 1221-2

(SS)

Verdi A

### Skildring

Området ligg på neset aust for Fv.56 på Huglo, sør for Haukanes.

8 personar er registrert busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

Brandvik landskapsvernombord: "Området blei verna for å ta vare på den største kjende barlindbestanden i Noreg og ein fin bestand av kristtorn, i eit naturmiljø med rik og variert flora. Det har også ein stor vitskapeleg og pedagogisk verdi." (Naturbase)

Haukanes – Rik edellauvskog: "Haukanes er ein interessant lokalitet med rik edellauvskog, restar av gammalt, tradisjonelt kulturlandskap og artsrik kalkflora. Artsrikdom og førekommst av kravfulle artar og raudlisteartar, gjer at lokaliteten vert vurdert som viktig (B)." (Naturbase) Yngleområde for spettefugl.

### Landskap

Tilhøyrer landskapstype 21T07 'Kysthei', 21T07-01 Huglo (21.3). Kystnært område med småkupert terrenget. Hovudsakleg austvendt li med særprega vegetasjon (jf. naturverdiar).

### Planstatus 2014

Uregulert, LNF- område i kommuneplan. Mindre areal i nord med kombinert natur og friluftsområde og spreidd næringsbusetnad. Omsynssone friluftsliv.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Relativt lite brukt		2			
Regionale og nasjonale brukarar	Hovudsakleg lokal bruk, regionalt botanisk interessant				4	
Opplevingskvalitetar	Barlind- og kristtornskog				4	
Symbolverdi	Området har historisk vore nytta til kultivering og hausting av m.a. kristtorn			3		
Funksjon	Ingen spesiell	1				
Kor eigna er området	Lett terrenget, lite gode stiar			3		
Tilrettelegging	Mogeleg å parkera ved snuplass i enden av Fv.56 (ikkje tilrettelagd). Traktorsti i delar av området		2			
Kunnskapsverdiar	Landskapsvernombord med kristtorn og barlind					
Lydmiljø	Godt					
Inngrep	Ingen					
Utstrekning	814,5 daa					
Tilgjenge	Ikkje universelt utforma					
Potensiell (auka) bruk	Merking av sti, betre parkeringsplass. Større tiltak lite realistisk pga. vernestatus.					

# BRANDVIK SØR-HUGLO OG TVEITØYANE



M=1:20000

## **7 Brandvik - Sør Huglo**

*Lokalt område / del av regionalt friluftsområde - ID 1221-2.*

(SS)

*Verdi B*

### **Skildring**

38 personar er busett innanfor 500 meter frå friluftsområdet.

### **Naturverdiar**

Kuhidervika – Rik edellauvskog: ” Eit spesielt område av blandingsskog med innslag av den sjeldne og sårbare arten ormetunge som ikkje er kjend frå andre lokalitetar i Stord og Fitjar. På bakgrunn av dette vert verdien vurdert til særskilt viktig(A).” (Naturbase)

Huglahammaren – Sørvendte berg og rasmarker: ” Lokaliteten representerer ein litt sjeldan naturtype. Det er registrert tre raudlisteartar her, derav ein sårbar art (barlind), og i tillegg nokre litt uvanlege artar, m.a. norsk asal. Det mest interessante med lokaliteten er likevel førekomsten av havburkne. Arten er nokså talrik her, og i tillegg er dette ein isolert, austleg førekomst som er plantogeografisk interessant. På bakgrunn av dette vert lokaliteten vurdert som særskilt viktig (A).” (Naturbase)

Vassvika – Evjer, bukter og viker: ” Eit interessant våtmarksområde med rik sumpskog og gradvis overgang til open vassvegetasjon. Ingen sjeldne artar er registrert, derfor lokal verdi (c)” (Naturbase)

Tveitamarka – kalkskog: ” Eit interessant område med grovvaksen furu på kalkgrunn, men med lite kravstør vegetasjon. Kalkskog er ein sjeldan naturtype, og denne lokaliteten har førekomst av barlind. På bakgrunn av dette vert lokaliteten vurdert som viktig (B).” (Naturbase)

Tveitabrota – Rik edellauvskog: ” Velutvikla og ganske artsrik edellauvskog med førekomst av tre raudlisteartar gjer at lokaliteten vert vurdert som viktig (B).” (Naturbase)

Tveit gruver – Skrotemark: ” Berggrunn og lausmassar i området tilseier at det kan finnast kalkkrevjande artar her, men det føreligg inga artsliste for området. Gruvegangar kan også vere tilhaldsstad for m.a. flaggermus, men heller ikkje dette er nærmare undersauka. Lokaliteten vert vurdert som lokalt viktig (C), fordi dette er ein naturtype som kan vere viktig for enkelte artar, men lokaliteten bør undersøkast nærmare.” (Naturbase)

Kvednahaugen – kalkskog: ” Kvernhaugen er ein sjeldant velutvikla oseansk kalkfuruskog, ein vegetasjonstype som i Noreg er særeigen for Sunnhordland. Utforming og artsrikdom gjer at lokaliteten vert vurdert som særskilt viktig (A).” (Naturbase)

Yngleområde for spettefugl.

### **Landskap**

Tilhøyrer landskapstype 21T07 'Kysthei', 21T07-01 Huglo (21.3)

Natur og kulturlandskap. Variert småskala-landskap, med veksling mellom låge åsar med furuskog, daldrag med lauvskog og myr, og kystnære område med berg og steinstrender. Landskapsrommet kring Tveitavatnet og strandsona mot sjøen pregar deler av området.

## Planstatus 2014

Uregulert, LNF- område i kommuneplan. Omsynssone friluftsliv. Kommunedelplan for Huglo (2010) har lagt føringar for kommuneplanen.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Mykje brukt av folk på Huglo og besøkjande til øya			3		
Regionale og nasjonale brukarar	Hovudsakleg lokal bruk			3		
Opplevingskvalitetar	Variert natur med mange naturkvalitetar. Kulturlandskap og kulturminne.				4	
Symbolverdi	Viktig område rik på lokalhistorie			3		
Funksjon		1				
Kor eigna er området	Godt eigna som turområde.			3		
Tilrettelegging	Parkering ved Tveit, skilt og oppslagstavle. Turveg			3		
Kunnskapsverdiar	Kulturløype med informasjon					
Lydmiljø	Godt					
Inngrep	Spor etter gruvedrift, lite av nyare inngrep					
Utstrekning	2815,0 daa					
Tilgjenge	God tilgjenge frå hovudveg. Ikkje universelt utforma.					
Potensiell (auka) bruk						

## 8 Tveitøyane

Lokalt område / del av regionalt friluftsområde - ID 1221-2.

(SS)

Verdi B

### Skildring

Øyar aust for Tveitvågen på Huglo. Det er registrert 9 personar busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

Tveitøy – Større tareskogforekomster: Ikkje verdivurdert. «*Tareskogforekomst mellom 100 000 og 500 000 kvadratmeter.*» (Naturbase).

Bleikjo naturreservat: «Verna utelukkande av di skjeret var hekkestad for 61 par makrellterne i 1980, samt 5 par fiskemåse (1984). Over tid er denne ternekolonien vorte sterkt redusert, men det hekka makrellterner år om anna på skjeret fram til 1998 (15 par) ». (Naturbase)

Bleikjo: Yngleområde for vade-, måke og alkefugl.

Furuholmen: Yngleområde for makrell- /rødnebbterne.

### Landskap

Tilhøyrer landskapstype 21T07 'Kysthei', 21T07-01 Huglo (21.3)

Ope landskap med låge svaberg.


### Planstatus 2014

På land: Uregulert, LNF- område. I sjø: Natur og friluftsområde. Akvakulturområde nord for Storøya og Little Tveitøya. Omsynssone friluftsliv.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Naturreservat, avgrensa bruk	1				
Regionale og nasjonale brukarar	Lokal bruk		2			
Opplevingskvalitetar	Svaberg, fugleliv			3		
Symbolverdi	Ingen kjend	1				
Funksjon			2			
Kor eigna er området	Eigna for dagstur med båt, mogeleg konflikt med fugleliv	1				
Tilrettelegging	Ingen	1				
Kunnskapsverdiar	Fugleliv					
Lydmiljø	Godt					
Inngrep	Delar av området er inngrepsfritt <sup>11</sup>					
Utstrekning	1210 daa					
Tilgjenge	Ikkje universelt utforma. Berre tilgjengeleg med båt.					
Potensiell (auka) bruk	Ikkje ønskjeleg					

<sup>11</sup> Inngrepsfritt = meir enn 1 km frå tyngre tekniske inngrep (jf. KDP Huglo)

# HØGAFJELLET



M=1:20000

## 9 Høgafjellet

Lokalt område

(MA)

Verdi B

### Skildring

Området sentralt på Huglo, som omfattar Høgafjellet, også kalla Varden (218 moh) og kringliggjande område, avgrensa mot hovudvegen i sør.

46 personar er registrert busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

Kalderdalen: «Kystfuruskog i mosaikk med fattig hei, impediment og myr er ein vanleg naturtype. Ein stor del av den avgrensa lokaliteten er skrinn, med mykje berg i dagen. Området relativt artsfattig og det er ikkje registrert spesielt sjeldne artar her. Det spesielle med området er innslaget av purpurlyng og kristtorn, små parti med rikmyr og parti med store, gamle furutre, som gir skogen eit urørt preg. På grunnlag av dette vert verdien vurdert som lokalt viktig.» (Naturbase)

### Landskap

Tilhøyrer landskapstype 21T07 'Kysthei', 21T07-01 Huglo


Det meste av området er kupert og knudrete snaufjell. Myrlendte og til dels skogkledde område i lågare strok.

### Planstatus 2014

Uregulert, LNF- område i kommuneplanen.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Mykje bruk, attraktivt turmål			3		
Regionale og nasjonale brukarar	Både lokale og regionale brukarar			3		
Opplevingskvalitetar	Utsyn			3		
Symbolverdi			2			
Funksjon		1				
Kor eigna er området	Turområde/ lett topptur			3		
Tilrettelegging	Skilt/ infotavler			3		
Kunnskapsverdiar						
Lydmiljø	Godt					
Inngrep						
Utstrekning	3540 daa					
Tilgjenge	Lett tilgjengelig. Parkering på ferjekaia.					
Potensiell (auka) bruk						

# ÅDLANDSSKOGEN



M=1:20000

## 11 Ållandsskogen

Lokalt område

(MA)

Verdi A

### Skildring

Skogsområde nord for Ållandsgarden. Det er registrert 1026 personar busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

Naturtype kystfuruskog. ” Liten, men ganske intakt, oseanisk furuskog med grove dimensjonar på høg bonitet. Trea har uvanleg store dimensjonar, men artsmangfaldet tilseier ikkje meir enn lokal verdi (C).”

### Landskap


Tilhøyrer landskapstype 21T10 ‘Vestlandets skogsåser’. Området er småkupert med hovudsakleg furuskog, utan klar eksponering.

### Planstatus 2014

Uregulert, LNF- område i gjeldande kommuneplan.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Mykje brukt av lokalmiljøet, barnehagar og skular				4	
Regionale og nasjonale brukarar	Hovudsakleg lokale brukarar		2			
Opplevingskvalitetar	Kystfuruskog		2			
Symbolverdi	Ingen kjend	1				
Funksjon	Korridor mot Ålandsvatnet			3		
Kor eigna er området	Eigna som turområde, har stinett /skogsveg			3		
Tilrettelegging	Ingen		2			
Kunnskapsverdiar	Nærrområde for Hystad skule og Nordbygdo ungdomsskule.					
Lydmiljø	Noko støy frå E39					
Inngrep	Ingen innanfor området, men nær skule og hovudvegar					
Utstrekning	240,0 daa					
Tilgjenge	Ikkje universelt utforma.					
Potensiell (auka) bruk	Sikker kryssing av E39 mot Ålandsvatnet. Parkering.					

# HOVANESET SÆVARHAGSVIKJO



M=1:20000

## 11 Hovaneset / Sævarhagsvikjo

Lokalt område

(SS)

Verdi A

### Skildring

Del av større landbruksområde frå Sævarhagsvikjo og nordover. Delar av området er artsrik naturbeitemark. Strandområda utafor er våtmarksområde. Det er registrert 978 personar busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet

### Naturverdiar

Sævarhagsvikjo – ålegrassamfunn. Blautbotnsområde i strandsona.

Hovaneset – Sævarhagen – Naturbeitemark: ”Hovaneset med tilstøytande strandområde har eit stort mangfald av naturtypar og mange sjeldne artar. Artsrikdom og førekommst av mange raudlisteartar, blant desse fire stekt truga (EN) og fire sårbare (VU), gjer at lokaliteten vert vurdert som særskilt viktig (A).” (Naturbase). Raste og yngleområde for andefugl og vade-, måke- og alkefugl.

### Landskap

Tilhører landskapstype 21 T10 'Vestlandets skogsåsar'. Ope kulturlandskap, som vender seg mot fjorden i aust. Variert terreng.

### Planstatus 2014

LNF- område i kommuneplanen. Bandlagd for regulering, kjerneområde landbruk, omsynssone funksjonell strandsone, omsynssone naturmiljø og bandlegging etter lov om kulturminne. Området inngår som del av områderegulering for Sævarhagen – Haga – Nedre Økland, som vart lagt fram for offentleg ettersyn vår/sommar 2014. Planen legg opp til samanhengande kyststi frå Rommetveit båthamn og nordover til Klingenbergkaien/Høgskuleparken.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Noko bruk turterren, ikkje av dei mest trafikkerte.		3			
Regionale og nasjonale brukarar	Hovudsakleg lokal bruk		3			
Opplevingskvalitetar	Ope kulturlandskap i strandsona, artsrikt område, kulturminne					5
Symbolverdi	Segn og lokalhistorie knytt til Hovaneset				4	
Funksjon	Del av planlagt kyststi frå Rommetveit båthamn til Høgskulen.				4	
Kor eigna er området	Middels, ingen særlege aktivitetar			3		
Tilrettelegging	Ingen tilrettelegging. Parkering v/ Rommetveit båthamn.	2				
Kunnskapsverdiar	Naturbeitemark med beitemarkssopp, to gravhaugar, fugleområde.					
Lydmiljø	Ingen støyfaktorar					
Inngrep	Ingen – grensar til båthamn					
Utstrekning	157,5 daa					
Tilgjenge	Ikkje universelt utforma. Landbruksdrift avgrensar bruken.					
Potensiell (auka) bruk	Tilrettelegging av stitrase/infoskilt					

# ROMMETVEIT/ØKLANDSLIO



M=1:20000

## 12 Rommetveit/ Øklandslio

Lokalt område

(SS)

Verdi A

### Skildring

Kyststripa frå Økland til Rommetveit, varierer i naturforhold, topografi og arealbruk. Det er registrert 1155 personar busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet

### Naturverdiar

Hovaneset/Rommetveit/Kyvik – Blautbotnområder i strandsona. Breivikjo / Kyvik – Ålegrassamfunn

Rasteområde for andefugl og vade-, måke og alkefugl.

### Landskap

Tilhøyrer landskapstype 21 T10 'Vestlandets skogsåsar'. Strandsone mellom busetnad og sjøen ut mot fjorden, med sterkt kulturpåverknad. Dels bratte berg, dels strender og parti med krattskog.

### Planstatus 2014


Friområde/friluftsområde i reguleringsplan Hagasjå I R-007-000, Strongalio R-023-000, Øklandsmarka R-029-000, Øklandsmarka 2 R-031-000 og Høgskulen Stord/Haugesund R-230-000.

Område ved Klingenbergkaien samt eit lite areal nord for Høgskulen er uregulert, grøntområde i kommuneplanen.

Området inngår som del av områderegulering for Sævarhagen – Haga – Nedre Økland, som vart lagt fram for offentleg ettersyn vår/sommar 2014. Planen legg opp til samanhengande kyststi frå Rommetveit båthamn og nordover til Klingenbergkaien/Høgskuleparken.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens						5
Regionale og nasjonale brukarar	Område Breivikjo er drifta av friluftsrådet, regional bruk					5
Opplevingskvalitetar	Strandsone, seminarhagen (høgskuleparken)		3			
Symbolverdi	-	1				
Funksjon	Del av planlagd kyststi frå Rommetveit båthamn til Høgskulen. Verdifull kyststi frå Breivik og nordover.				4	
Kor eigna er området	Godt eigna for lågterskel-tur, badeplass, padling mm			4		
Tilrettelegging	-	1				
Kunnskapsverdiar	Biologiske verdiar, kulturminne. Brukt av skule og barnehage					
Lydmiljø	-					
Inngrep	-					
Utstrekning	164,9 daa					
Tilgjenge	Ikkje universelt utforma.					
Potensiell (auka) bruk	Tilrettelegging av samanhengande sti, skilting, parkering					

# GOLFBANEN



M=1:20000

## 13 Prestagarden /Golfbanen

Lokalt område

(GK)

Verdi B

### Skildring

Tidlegare omland til prestegarden (kulturlandskap), no omdisponert til golfbane. Det er registrert 1254 personar busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

Ingen registrert i naturbase.

### Landskap


Tilhøyrer landskapstype 21 T10 'Vestlandets skogsåsar', men området er kultivert, og terren og vegetasjon er endra.

### Planstatus 2014

Område for golfbane i reguleringsplan Prestagarden golfbane, 227-000-04.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens				3		
Regionale og nasjonale brukarar	Stort sett lokale brukarar			3		
Opplevingskvalitetar	Lite naturkvalitetar	1				
Symbolverdi	Ingen kjend	1				
Funksjon	Korridor mot turområde vest for E39				4	
Kor eigna er området	Turveg gjennom området, elles lite eigna	1				
Tilrettelegging	Parkering. Stiar			3		
Kunnskapsverdiar	Kulturhistorie					
Lydmiljø	Godt					
Inngrep	Tekniske inngrep - golf					
Utstrekning	189,1 daa					
Tilgjenge	Ikkje universelt utforma. Avgrensa ålmenn bruk.					
Potensiell (auka) bruk	Utbygging i området kan medføra auka bruk					

# HUNDSÅSEN



M=1:20000

## 14 Hundsåsen

Lokalt område

(MA)

Verdi B

### Skildring

Turområde mellom Kyvik/ Nordre Tveita og Fjellgardane. Området er utgjort av skogsmark i veksling med beitemark ned mot Lunde og Nordre Tveita. Det er registrert 239 personar busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

Kystmyr ved Rongabekken. ”Intakte myrar som ligg såpass lågt er sjeldne, m.a. fordi mange har vorte grøfta og påverka av landbruk og skogbruk, ikkje minst på Stord. Myra er stor og floristisk interessant med fleire relativt sjeldne artar, slik som brunmyraks, dvergjamne og myrkråkefot, og vert difor vurdert som viktig (B)”. (Naturbase)

### Landskap

Tilhøyrer landskapstype 21 T10 'Vestlandets skogsåsar'. Området er hovudsakleg furuskog eller blandingsskog, i grensa mot landsbruksmarka på Fjellgardane. Småkupert, med enkelte markerte åsar (Hundsåsen / Lundaråsen).

### Planstatus 2014

Uregulert, LNF- område i kommuneplanen. Delvis i omsynssone friluftsliv.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens				3		
Regionale og nasjonale brukarar	Lokale brukarar		2			
Opplevingskvalitetar	Variert naturterreng, utsikt			3		
Symbolverdi	Ingen kjend	1				
Funksjon	Grøntkorridor mot fjellet				4	
Kor eigna er området	Ingen særlege enkeltaktivitetar. Bra eigna som tuområde. Noko bratt terren.			3		
Tilrettelegging	Ingen parkering, vert parkert langs veg.	1				
Kunnskapsverdiar						
Lydmiljø	Noko støy frå E39 lengst i sør.					
Inngrep	1644 daa					
Utstrekning						
Tilgjenge	Ikkje universelt utforma.					
Potensiell (auka) bruk	Etablere parkering/ trygg kryssing av veg.					

# KVERNANESET



M=1:20000

## 15 Kvednaneset

Lokalt område

(SS)

Verdi B

### Skildring

Strandsone nord for Kyvik, med tilkomst frå Rommetveitvegen / Kyvik. Det er registrert 20 personar busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

Ingen registrert i naturbase.

### Landskap


Tilhøyrer landskapstype 21 T10 'Vestlandets skogsåsar'. Området har hovudsakleg furuskog eller blandingsskog. Småkupert. Strandline med berg og steinstrand langs sjøen.

### Planstatus 2014

Uregulert, LNF- område i kommuneplanen. Delvis i omsynssone friluftsliv.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens			3			
Regionale og nasjonale brukarar	Lokale brukarar		2			
Opplevingskvalitetar	Variert naturterreng, utsikt, strand		3			
Symbolverdi	Ingen kjend	1				
Funksjon	Grøntkorridor mot strandsona			4		
Kor eigna er området	Ingen særlege enkeltaktivitetar.		3			
Tilrettelegging	Parkeringsplass		3			
Kunnskapsverdiar						
Lydmiljø						
Inngrep						
Utstrekning	100 daa					
Tilgjenge						
Potensiell (auka) bruk						

# LEIRVIK



## OMRÅDE LEIRVIK

Innanfor Leirvik-området er fylgjande område kartlagt:

Regionale Lokale	Namn	Strand- sone	Marka	Utfarts- område	Nærtur- terring	Grønt- korridor	Forvaltning/ Merknader
		SS	MA	UO	NT	GK	
R3	<b>Hystadmarkjo</b>	SS					Friluftsrådet Vest
	16 Hystadmarkjo	SS					Inngår i omr.R3
	17 Hystadøyane	SS					Inngår i omr.R3
R4	<b>Sponavikjo - Gullberg</b>	SS					Friluftsrådet Vest
	18 Gullberg	SS					Inngår i omr.R4
	19 Naustvågen	SS					Inngår delvis i omr.R4
R5	<b>Ådlandsvatnet</b>	SS					Friluftsrådet Vest
	20 Ådlandsvatnet	SS					Inngår i omr.R5
	21 Frugardselva	SS					Inngår i omr.R5
	22 Frugardsskogen				NT		
R11	<b>Digernes</b>		MA				
	23 Digernesskogen		MA				Inngår delvis i omr.R11
R12	<b>Landåsen</b>		MA				
	25 Hornelandsneset	SS					
	26 Alnavågen	SS					
	27 Sæbø / Dagfinnsvikjo	SS					
	28 Hybelsneset	SS					
	29 Todlarneset	SS					
	30 Vikastemmo					GK	Kommunal park
	31 Lønningsåsen					GK	

# HYSTADMARKJO OG HYSTADØYANE



M=1:20000

## R3 Hystadmarkjo, regionalt område

Regionalt friluftsområde - ID 1221-3. 1913 daa.

(SS)

OMRÅDET ER TIDLEGARE KARTLAGT OG VERDSETT SOM SÆRS VIKTIG:

Verdi A

Innanfor området er følgjande 2 område vurdert særskild:

- Hystadmarkjo
- Hystadøyane

## 16 Hystadmarkjo

Lokalt område / del av regionalt friluftsområde - ID 1221-3

(SS)

Verdi A

### Skildring

Statleg sikra friluftsområde og naturreservat. Svartorsump mellom Rommetveit båthamn og industriområde ved Valevågen. Det er registrert 835 personar busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

Hystadområdet og Tynset – Ålegrassamfunn, med dvergålegras. (Naturbase). Dvergålegraset i sjøen er no borte.

Straumen – Blautbotnområder i strandsona: ” Sand/mudderstrand utan bebyggelse rundt. Deler av stranda tørrlegges ved lavvann. Mulig vokseplass for ålegras og dvergålegras”. (Naturbase)

Tynset - Blautbotnområder i strandsona: ” Sand/mudderstrand uten bebyggelse rundt. Deler av stranda tørrlegges ved lavvann. Mulig vokseplass for ålegras og dvergålegras”. (Naturbase)

Hystad naturreservat: ” Føremålet med fredinga er å ta vare på ein usedvanleg godt utvikla, stor, variert svartoldersumps kog med stor verdi for undervisning og forsking.” (Naturbase)

### Landskap

Tilhøyrer landskapstype 21 T10 'Vestlandets skogsåsar'. Området er hovudsakleg flatlendt, med veksling mellom sumpskog og berg ut mot sjøen. Rik vegetasjon av Svartorsumskog i veksling med furuskog eller blandingskog.

### Planstatus 2014

Område for verneverdig svartorskog og friområde i Reguleringsplan R-032-000, Aslaksvikjo – Melkevikjo. Ein del i sør er dekka av reguleringsplan for Straumen R-028-A00, reguleringsføremål gangveg, friluftsområde og lebelte. Sjøområda er Natur- og friluftsområde i sjø i kommuneplan.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Mykje brukt tursti, mogeleg med rundtur ved bruk av gangsti. Badeområde i Apalvikjo og Tyneset, mogelegheiter for fiske fleire stadar.					5
Regionale og nasjonale brukarar	Lokalt turområde med regionale verdiar.					5
Opplevingskvalitetar	Svartorskog, kristtorn, rikt fugleliv vår/sommar.				4	
Symbolverdi	Skog/vegetasjon som ikkje er vanleg i regionen. Kolerakyrkjegard.				4	
Funksjon	Del av kyststi mellom Leirvik og Rommetveit					5
Kor eigna er området	Turområde som kan nyttast av alle, badestrand og mogelegheit for sjøfiske.					5
Tilrettelegging	Etablert grussti, toalett og benkar ved Tyneset. Forbod mot hest og sykling på turstien. Parkering på begge sider av turvegen.				4	
Kunnskapsverdiar	Sumpskog som er sjeldan for regionen, rikt plante- og fugleliv, fleire fornminner, kolerakyrkjegard. Mykje brukt område for undervisning og forsking. Turområde for barnehagar.					
Lydmiljø						
Inngrep	Ingen, utanom det som gjeld tilrettelegging.					
Utstrekning	885,8 daa					
Tilgjenge	Etablering av rundløype med minimal strekning langs køyreveg. Ev. ny sti må ligge utanfor verneområde.					
Potensiell (auka) bruk	Ikkje universelt utforma, men godt tilgjengeleg for vogn. Kan brukast av rullestol, men nokre bratte parti.					

## 17 Hystadøyane

Lokalt område / del av regionalt friluftsområde - ID 1221-3

(SS)

Verdi B

### Skildring

Øyar i innseglingsa til Leirvik. Husøyo er statleg sikre friluftsområde. På Husøyo er det ei lita hytte, på Ystøya er Leirvik Fyr lokalisert, dei andre øyane /holmane er utan bygningar. Det er registrert 294 personar busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

Ingen registrert i naturbase. Delar av Midtøy og Ystøy er registrert som INON (1-3 km frå inngrep).

### Landskap

Tilhøyrer landskapstype 21 T10 'Vestlandets skogsåsar. Øyane har hovudsakleg furuskog eller blandingsskog. Til dels småkupert, med bratt kyststripe.

### Planstatus 2014

På land: Friluftsområde i kommuneplanen.

I sjø: Kombinert formål natur og friluftsområde. Omsynssone friluftsliv. Nord og vest for Husøy: Hamneføremål.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Noko besøk med fritidsbåt	2				
Regionale og nasjonale brukarar	Lokale brukarar		3			
Opplevingskvalitetar	'Bynær' natur. Fyr		3			
Symbolverdi	Landemerke ved Leirvik		3			
Funksjon	Ingen spesiell	1				
Kor eigna er området	Kupert, manglar stiar og turmål	2				
Tilrettelegging	Manglar kai	2				
Kunnskapsverdiar	Lokalhistorie (fyret mm)					
Lydmiljø	Bra					
Inngrep	Kraftlinje, elles ingen tekniske inngrep					
Utstrekning	1029 daa					
Tilgjenge	Berre tilgjengelig frå båt					
Potensiell (auka) bruk	Betra lendingstilhøve kan gi auka bruk					

# GULLBERG



M=1:20000

## R4 Sponavikjo - Gullberg , regionalt område

Regionalt friluftsområde - ID 1221-4 1046 daa. (SS)

OMRÅDET ER TIDLEGARE KARTLAGT OG VERDSETT SOM SÆRS VIKTIG:

Verdi A

Innanfor området er fylgjande 2 område vurdert særskild:

- Gullberg (Sponavikjo – Håklubben)
- Naustvågen (delvis inkludert i området)

## 18 Gullberg

Lokalt område / del av regionalt friluftsområde - ID 1221-2 (SS)

Verdi A

### Skildring

Ligg omkransa av bustadområda på Bjelland, Skotaberg og Djupavikjo. Skogsveg og fleire stiar går gjennom området. Badeområde i Sponavikjo. Restar av militærinstallasjonar frå krigen på Store Gullberg.

1895 personar er registrert busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

Gullberg – rik edellauvskog (BN00041841). Sponavikjo – naturbeitemark (BN00041880)

### Landskap

Tilhører landskapstype 21 T10-11 'Vestlandets skogsåsar'. Kupert landskap med dramatiske element (holer, stup) og gode utsiktspunkt mot sør. Variert natur med historiske kulturminne.

### Planstatus 2014

R-009 Del av Bjelland sør – område for park, idrett o. I

Uregulert, LNF- område med omsynssone friluftsliv/funksjonell strandsone i kommuneplanen.

R-015 Leirvik del IV, Teinevikjo – Djupevikjo – parkbelte

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Mykje brukt til fottur og bading.					5
Regionale og nasjonale brukarar	Registrert som regionalt viktig turområde.				4	
Opplevingskvalitetar	Furuskog, steinstrender og bratte skrentar. Sandstrand og grasbakkar i Sponavikjo.			3		
Symbolverdi	Krigsminner.					5
Funksjon	Korridor mot strandsona			3		
Kor eigna er området	Badeplass i Sponavikjo, mogelegheit for fiske langs sjøen.				4	
Tilrettelegging	Skogsveg/sti, baderampe og kai i Sponavikjo. Parkering ved Sponavikjo.				4	

Kunnskapsverdiar	Krigsminne, holer frå tidlegare gruvedrift. Turområde for barnehagar	
Lydmiljø	Ingen	
Inngrep	333,8 daa	
Utstrekning	Betre merking/skilting og mogelegheit for parkering på Bjelland-sida.	
Tilgjenge	Ikkje universelt utforma.	
Potensiell (auka) bruk	Ikkje merking eller kart i området. Tilrettelagt badeplass for rullestol	

## NAUSTVÅGEN



M=1:20000

## 19 Naustvågen

Lokalt område

(SS)

Verdi C

### Skildring

Naustvågen ligg i utkanten og delvis innanfor friluftsområdet Sponavik- Gullberg. Skogkledd strandområde mellom sjøen og veg/parkeringsplass til Aker. Området er nabo til båthavn og barnehage.

Det er registrert 611 personar busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet

### Naturverdiar

Ingen registrert i naturbase.

### Landskap

Sørvendt strandsone, marginalt naturområde i grensa mellom bustadområde og industri. Tilhøyrer landskapstype 21 T10-11 'Vestlandets skogsåsar'.

### Planstatus 2014

Friområde i reguleringsplan Verftsområdet del I, R-043-000

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Lite brukt		2			
Regionale og nasjonale brukarar	Lokal bruk	1				
Opplevingskvalitetar	Sjø/strandsone		2			
Symbolverdi	Ingen kjend	1				
Funksjon			2			
Kor eigna er området	Eigna for fiske frå land			3		
Tilrettelegging	Parkeringsmoglegheit på p-plass ved Aker.	2				
Kunnskapsverdiar	Ingen kjend					
Lydmiljø	Industristøy					
Inngrep	Naust og brygger innanfor området. Ligg nært til veg og industri. Sjøområda utanfor nyttast bl.a. for lagring av installasjonar.					
Utstrekning	14,5 daa.					
Tilgjenge	Ikkje universelt utforma					
Potensiell (auka) bruk						

# ÅDLANDSVATNET OG FRUGÅRDSELVA



M=1:20000

## R5 Ådlandsvatnet, regionalt område

Regionalt friluftsområde - ID 1221-5 1046 daa.

(SS)

OMRÅDET ER TIDLEGARE KARTLAGT OG VERDSETT SOM SÆRS VIKTIG:

Verdi A

Innanfor området er fylgjande 2 område vurdert særskild:

- Ådlandsvatnet
- Frugardselva



## 20 Ådlandsvatnet

Lokalt område / del av regionalt friluftsområde - ID 1221-5

(SS)

Verdi A

### Skildring

Vatnet strekk seg frå Vatna til Lønning og Ådland. Opparbeidd sti rundt delar av vatnet. Det er registrert 259 personar busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

## Naturverdiar

Ållandsvatnet – Lønning – Evjer, bukter og viker: ” Tre sjeldne og sterkt truga sumpplantar gjer at lokaliteten er vurdert som særskilt viktig (A).” (Naturbase)

Ållandsvatnet – Grønevika – Evjer, bukter og viker: ” Førekomsten av dei sterkt truga artane soleigro og trådbregne gjer at lokaliteten vert vurdert som særskilt viktig (A).” (Naturbase)

Ållandsvatnet – Sageneset – Evjer, bukter og viker: ” Tre raudlisteartar i kategorien sterkt truga - EN, tilseier verdien særskilt viktig (A).”

Raste og yngleområde for andefugl, beiteområde for dvergdykkar. Ållandsvassdraget er av dei mest kystnære vassdraga med anadrom laksefisk i Hordaland.

## Landskap

Det meste av området er småkupert åslandskap med skog. Vekslande vegetasjon med hovudsakleg furuskog eller blandingskog, i veksling med myrlendte områder. Tilhører landskapstype 21T10-13.

## Planstatus 2014

Friluftsområde i sjø og vassdrag i kommuneplanen, omsynssone friluftsliv.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Mykje brukt til bading og turgåing				4	
Regionale og nasjonale brukarar	Registrert som regionalt viktig friluftsområde.					5
Opplevingskvalitetar	Fisk, sjeldne botaniske førekomstar, andefugl					5
Symbolverdi	Ingen kjend.			3		
Funksjon	Del av grøntstruktur frå Leirvik til fjellet			3		
Kor eigna er området	Fotturar langs vatnet, mogeleg med rundtur rundt vatnet. Bading, fiske (når dette er tillate),båt/kajakk(forbod mot motorbåt).				4	
Tilrettelegging	Tilrettelagd badestrond med toalett, benkar ol			3		
Kunnskapsverdiar						
Lydmiljø	Noko støy frå E39					
Inngrep	Ingen.					
Utstrekning	1686 daa					
Tilgjenge	Ikkje universelt utforma, men stien mellom Krækjen og Saneset kan brukast med vogn og til dels med rullestol.					
Potensiell (auka) bruk	Betra parkeringsmogelegheiter. Gangveg frå sentrum via Sæ.					

## 21 Frugardselva

Lokalt område / del av regionalt friluftsområde - ID 1221-5

(SS)

Verdi A

### Skildring

Området strekk seg frå brua ved utløpet av Ådlandsvatnet og til elveosen i sjøen utanfor elva. Ca 200 personar er registrert busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

Raste og yngleområde for andefugl, beiteområde for dvergdykkar.

Ådlandsvassdraget med Frugardselva er ei av dei mest kystnære vassdraga med anadrom laksefisk i Hordaland.

### Landskap

Tilhører landskapstype 21 T10-11 og -13 'Vestlandets skogsåsar'. Roleg elveløp frå Ådlandsvatnet via Krækjen og Sævhølen ned mot Frugardsfossen.

### Planstatus 2014

Frugardselva: Omsynssone friluftsliv i kommuneplanen. Friluftsområde i reguleringsplan Ås R-058-000.

Ved utløpet: Område for køyretrafikk i reguleringsplan Leirvik del I, Dampbakeriet – Frugård R-012-A00 og friluftsområde/trafikkområde i reguleringsplan Frugarden – Hystad R-022-000.

Elveosen: Natur og friluftsområde i kommuneplanen.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Noko brukturområde. Fiskeområde for aure, men fiske har vore stengt siste åra.			3		
Regionale og nasjonale brukarar	Potensiale for regional bruk i fiskesamanheng, berre lokal bruk som turområde.			4		
Opplevingskvalitetar	Strandlinje, fiske			3		
Symbolverdi	Ytste elv med anadrom laksefisk i Hardangerfjorden.			3		
Funksjon	Korridor mot Ådlandsvatnet			3		
Kor eigna er området	Fottur, mogelegheit for sjøaurefiske				4	
Tilrettelegging	Sti langs elvebredda, lite tilrettelagt. Bru over elva. Mogelegheit for parkering ved kyrkja.	2				
Kunnskapsverdiar	Turområde for barnehagar.					
Lydmiljø	Støy frå E39.					
Inngrep	Settefiskanlegg, trafikkerte vegar som går langs/ kryssar elva.					
Utstrekning	1686 daa					
Tilgjenge	Ikkje universelt utforma. Områda ved elvemunning er tilgjengeleg for alle.					
Potensiell (auka) bruk						

# FRUGÅRDSSKOGEN



M=1:20000

## 22 Frugardsskogen

Lokalt område

(NT)

Verdi B

### Skildring

Skogsområde vest for Frugardselva, grensar til bustadområde på Ås og ballbane i søndre del.

1327 personar er registrert busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

ingen registrert i naturbase.

### Landskap


Tilhøyrer landskapstype 21 T10-11 'Vestlandets skogsåsar'. Småkupert landskap med hovudsakleg furuskog.

Planstatus 2014

Frugårdselva: Omsynssone friluftslive i kommuneplanen. Friluftsområde i reguleringsplan Ås R-058-000 og R-058-001.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Brukt av barnehagar og nærmiljø			3		
Regionale og nasjonale brukarar	Lokal bruk			3		
Opplevingskvalitetar	Sentrumsnær furuskog		2			
Symbolverdi	Ingen kjend	1				
Funksjon	Grøntkorridor mot Frugardselva		2			
Kor eigna er området	Godt eigna som turområde og for barnehagar				4	
Tilrettelegging	Lite		2			
Kunnskapsverdiar						
Lydmiljø						
Inngrep						
Utstrekning	124,1 daa					
Tilgjenge						
Potensiell (auka) bruk						

# DIGERNES



M=1:20000

## R11 Digernes, regionalt område

Regionalt friluftsområde - ID 1221-11

1189 daa.

(MA)


OMRÅDET ER TIDLEGARE KARTLAGT OG VERDSETT SOM VIKTIG:

Verdi B

Området vert foreslått utvida austover mot regulert grense mot utbygging (bustad/næring). Auka utbygging fører til auka behov for område for friluftsliv. Verdien av området vert vurdert på nytt.



# DIGERNESSKOGEN



M=1:20000

## 23 Digernesskogen

Lokalt område / regionalt friluftsområde - ID 1221-11

(MA)

Verdi B

### Skildring

Området frå Digernesvegen og vestover til Sagvågsfjorden, området er delt av E39. Skogsområde med nett av skogsvegar, stiar og dyretrakk. Området er utvida i høve til tidlegare registrert område (ID1221-11). Det er registrert 157 personar busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

Beiteområde for hjort, yngleområde for storfugl og spettefugl. (naturbase)

### Landskap


Tilhøyrer delvis landskapstype 21T10-11. Strandline langs sjøen i vest og nord langs Valvatnavågen. Området er kupert åslandskap med furuskog og lyngmark, i veksling med myrdrag og noko beitemark. Partiet vest for E39 er karrig og kupert, med glissen furuskog. Lengre aust er det tettare og meir variert vegetasjon med noko blandingsskog.

### Planstatus 2014

Uregulert, LNF- område i kommuneplanen. Vestre del: Omsynssone for friluftsliv, kjerneområde landbruk og bandlegging etter lov om kulturminne. Grensar til framtidig (regulert) utbyggingsområde.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Generelt liten bruk, meir bruk i tilknyting til turvegar			3		
Regionale og nasjonale brukarar	Lokal bruk frå Sagvåg og Heiane/Kårevik			3		
Opplevingskvalitetar	Natur (botanikk), sjøkontakt i vestre del		2			
Symbolverdi	Ingen kjend	1				
Funksjon	Austre del fungerer som grøntkorridor mot Djupadalen og Valvatnavågen			3		
Kor eigna er området	Godt eigna som turområde, men vanskeleg tilgjengeleg.				4	
Tilrettelegging	Skogsvegar og stiar. Parkering ved E39 for vestre del, mogelegheit for parkering ved Hatland.			3		
Kunnskapsverdiar	Naturfag: botanikk og zoologi (Truleg lite nytta av barnehagar og skular pga. stor avstand )					
Lydmiljø	Noko støy frå E39 nærmest vegen					
Inngrep	Veg m/ store skjeringar, grensar til gardsbruk og framtidig næringsområde i sør og aust.					
Utstrekning	1541 daa. Terremessige avgrensingar					
Tilgjenge	Parkering m/godt tilgjenge vest for E39, men uråd å kryssa E39, bortsett frå undergang i nord. Gjerder og myrar + E39 gjer området noko vanskeleg tilgjengeleg. Ikke universelt utforma					
Potensiell (auka) bruk	Undergangen i vest bør koplast til turvegnettet, dette vil letta tilkomsten til området, og gjera større del av området tilgjengeleg frå P-plassen.					

# LANDÅSEN



M=1:40000

## R12 Landåsen, regionalt område

*Regionalt friluftsområde - ID 1221-12*      4875 daa      (MA)

DET REGIONALE OMRÅDET ER TIDLEGARE KARTLAGT OG VERDSETT SOM SÆRS VIKTIG:

**Verdi A**

OMRÅDET ER OGSÅ EIT VIKTIG LOKALT OMRÅDE, OG ER DIFOR TEKE MED I KARTLEGGINGA.

---



## 24 Landåsen

Lokalt område / regionalt friluftsområde - ID 1221-11

(MA)

Verdi A

### Skildring

Statleg sikra friluftsområde. 2137 personar er registrert busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

Landåsen – kystfuruskog: "Det er ikkje registrert sjeldne eller raudlista artar i området og lokaliteten vert difor vurdert som lokalt viktig (C). Området bør gjevast ei meir utfyllande skildring, inkludert artsregistreringar." (Naturbase 2013)

Det er i 2014 foreteke feltarbeid i Landåsen, der lokaliteten har fått verdien viktig (B).<sup>12</sup>

Hestetjørna – rik kulturlandskapssjø: " Eit nokså artsrikt og variert område med myr- og sumpvegetasjon. Bortsett frå kjevestorr er det ikkje funne sjeldne artar her, og verdien vert difor vurdert til lokalt viktig." (Naturbase). Yngleområde for sivsanger og andefugl.

### Landskap

Tilhøyrer delvis landskapstype 21T10-11. Åslandskap med furuskog og lyngmark, i veksling med myrdrag og vatn / tjødner.

### Planstatus 2014

Uregulert, LNF-område i kommuneplanen. Omsynssone friluftsliv, omsynssone for dynamittlager, omsynssone naturmiljø.



<sup>12</sup> Naturbase faktaark 2015: <http://faktaark.naturbase.no/naturtype?id=BN00041852>

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Mykje brukt turområde, noko fiske og bading.					5
Regionale og nasjonale brukarar	Hovudsakleg lokal bruk.				4	
Opplevingskvalitetar	Skog og skogstjørner. Eventyrskogen med figurar.				4	
Symbolverdi	Identitet for både Sagvåg og Leirvik	2				
Funksjon	Korridor frå Leirvik mot Storavatnet			3		
Kor eigna er området	Kortare og lengre fotturar, fiske, bading.				4	
Tilrettelegging	Parkering ved inngang frå Lønning, Hadlabrekko, Vabakkjen og Heiane.					5
Kunnskapsverdiar	Delar av området er mykje brukt turområde for barnehagar.					
Lydmiljø						
Inngrep						
Utstrekning	4875 daa					
Tilgjenge	Ikkje særskild tilrettelagd for rørslehemma, men tilgjenge både med rullestol og vogn i delar av området.					
Potensiell (auka) bruk	Betre tilrettelegging for rullestol, spesielt ved inngangane. Betre merking av løyper/ i kryss.					

# HORNELANDSNESET



M=1:20000

## 25 Hornelandsneset

*Lokalt område*

(SS)

*Verdi B*

### Skildring

Skogsområde i strandsona mellom Skjersholmane ferjekai og Hornelandsvågen. 562 personar er registrert busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet. Det er planlagt båthamn og båthotell i nærleiken (langs hovudvegen).

### Naturverdiar

Ingen registrert i naturbase.

### Landskap


Tilhøyrer delvis landskapstype 21T10-11. Strandline langs sjøen. Området har småkupert åslandskap med furuskog og lyngmark.

### Planstatus 2014

Uregulert, LNF- område i kommuneplanen. Delar av området er innanfor funksjonell strandsone, har fleire mindre områder med omsynssone for kulturminne.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Lite brukt	1				
Regionale og nasjonale brukarar	Hovudsakleg lokal bruk.		2			
Opplevingskvalitetar	Sjø, kystfuruskog, variert terreng.			3		
Symbolverdi	Ingen kjend.	1				
Funksjon	Del av kyststi		3			
Kor eigna er området	Eigna for fiske og gåtur, elles ingen særskilte aktivitetar.			3		
Tilrettelegging	Parkering Skjersholmane, elles ingen.			3		
Kunnskapsverdiar	--					
Lydmiljø	Lite, noko støy frå veg og ferjekai.					
Inngrep	Ingen direkte					
Utstrekning	89,1 daa					
Tilgjenge	Berre enkelte stiar. Ikkje universelt utforma.					
Potensiell (auka) bruk	Parkering, skilting etc.					

# ALNAVÅGEN



M=1:20000

## 26 Alnavågen

Lokalt område

(SS)

Verdi A

### Skildring

Alnavågen ligg like nordaust for Skjersholmane ferjekai, men er godt avskjerma. Bekken som renn ned i området er prega av avrenning frå landbruksområda ovafor (Ser ille ut, men vassprøvar har synt god badevasskvalitet). Området grensar til bustadfelt i nord, og Skjersholmane ferjekai i sør.

Det er registrert 546 personar busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

Yngleområde for makrell-/raudnebbterne utafor Alnavågen. (naturbase)

### Landskap

Tilhøyrer delvis landskapstype 21T10-11. Bekkedrag følgjer eit markert dalsøkk frå Alnavågen og opp mot Hatland. Variert terregn og vegetasjon med fugleliv.

### Planstatus 2014

Alnavågen: Reguleringsplan R-019 Sæbø friområde – park og fritidsaktivitet/jord og skogbruk. I kommuneplan: Omsynssone funksjonell strandsone.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Middels, brukt til utflikter				4	
Regionale og nasjonale brukarar	Primært lokal bruk, og frå andre			3		
Opplevingskvalitetar	Badeplass, lokalt turområde. Avskjerma strandområde, bekk, strandsone		2			
Symbolverdi	Ingen kjend	1				
Funksjon			3			
Kor eigna er området	Eigna for bading og rekreasjon			3		
Tilrettelegging	Badeplass tilrettelagd med bord og benkar. Parkering på ferjekaien.				4	
Kunnskapsverdiar	Turområde for barnehagar.					
Lydmiljø	Ingen					
Inngrep	Ingen					
Utstrekning	69,7 daa					
Tilgjenge	Ikkje universelt utforma.					
Potensiell (auka) bruk	Reinsking av bekk, betre gangveg mot bustadområda.					

# SÆBØ/DAGFINNSVIKJO



M=1:20000

## 27 Sæbø / Dagfinnsvikjo

Lokalt område

(SS)

Verdi A

### Skildring

Området strekk seg fra Horneland/ Alnavågen og til bustadområde ved Kårevik. Omfattar Sæbø gard (kommunal) og området rundt.

Det er registrert 922 personar busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet

### Naturverdiar

Yngleområde for makrell-/raudnebbterne på Sæbøskjæra (naturbase).

### Landskap

Tilhører delvis landskapstype 21T10-11. Variert kulturlandskap i veksling med knausar av naturmark. Strandline med berg og steinstrand langs sjøen.

### Planstatus 2014

Reguleringsplan R-019 Sæbø friområde – park og fritidsaktivitet/jord og skogbruk. Reguleringsplan R-063 Kårevikmarka – Friluftsområde.

I kommuneplan: Omsynssone funksjonell strandsone, vern av kulturmiljø og bandlegging etter lov om kulturminne.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Ein del brukt til bading				4	
Regionale og nasjonale brukarar	Lokal bruk					4
Opplevingskvalitetar	Landbruk, dyr, strandsone			3		
Symbolverdi	Ingen kjend	1				
Funksjon	Del av kyststi				4	
Kor eigna er området	Eigna for bading, fiske, gardsbesøk (dyr)				4	
Tilrettelegging	Parkering, benkar, badeplass därleg tilrettelagt		3			
Kunnskapsverdiar	Natur- og lokal kulturhistorie. Turområde for barnehagar.					
Lydmiljø	Bra					
Inngrep	Nær ferjekai og industriområde					
Utstrekning	119,5 daa					
Tilgjenge	Ikkje universelt utforma					
Potensiell (auka) bruk	Universelt utforma turvegar og tilrettelegging av badeplassan gi auka bruk					

# HYBELSNESET



M=1:10000

## 28 Hybelsneset

Lokalt område

(SS)

Verdi B

### Skildring

Statleg sikra friområde i strandsona ved bustadområda på Hybelsneset. 945 personar er registrert busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

Ingen registrert i naturbase.

### Landskap

Del av kystlinja i grensa mot landskapstype 21T10-11. Noko naturmark, men prega av nærliggjande busetnad. Strandline med berg og liten sand-/steinstrand langs sjøen.

Planstatus 2014

Friområde i reguleringsplan Svartabrekko og Hybelsneset R-057-001.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Middels bruk av småbarnsfamiliar			3		
Regionale og nasjonale brukarar	Lokal bruk		2			
Opplevingskvalitetar	Sjø og strand		2			
Symbolverdi	Ingen kjend	1				
Funksjon	Mogeleg tilknyting til framtidig kyststi			3		
Kor eigna er området				3		
Tilrettelegging	Tilrettelagd med benkar, bord, grill- og badeplass.			3		
Kunnskapsverdiar	Turområde for barnehagar.					
Lydmiljø	Industristøy					
Inngrep	Lite område med busetnad rundt. Nær båthamn og industri					
Uttrekning	5,4 daa					
Tilgjenge						
Potensiell (auka) bruk						

# TODLARNESET



M=1:10000

## 29 Todlarneset

Lokalt område

(SS)

Verdi A

### Skildring

Området ligg som ei halvøy mellom båthamnene på Eldøy. Det er registrert 529 personar busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet

### Naturverdiar

Ingen registrert i naturbase.

### Landskap


Strandlinje i grensa mot landskapstype 21T10-11. Kulturlandskap med knausar av naturmark.  
Strandline med berg og sandstrand langs sjøen.

### Planstatus 2014

Omfatta av reguleringsplan R-043 Verftsområdet del 1 - Friområde.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Lokal bruk i tilknyting til nærområde/båthamner					5
Regionale og nasjonale brukarar	Berre lokal verdi				4	
Opplevingskvalitetar	Sjø og strandsone, båtliv. Fiske, rekreasjon		2			
Symbolverdi	Område for samankomstar, t.d. jonsokfeiring.	2				
Funksjon	Tilknyting til framtidig kyststi	2				
Kor eigna er området	Eigna for fiske og rekreasjon.			3		
Tilrettelegging	Parkeringsplass ved båthamna, grillhus, badebøyer.				4	
Kunnskapsverdiar	--					
Lydmiljø	Industristøy					
Inngrep	Grensar til båthamner					
Utstrekning	4,5 daa					
Tilgjenge	Ikkje universelt utforma.					
Potensiell (auka) bruk						

# VIKASTEMMO



M=1:20000

## 30 Vikastemmo

Lokalt område

(GK)

Verdi A

### Skildring

Parkområde med stiar/gangveg frå Kulturhuset og opp mot krysset til E39 på Vabakkjen. Sentralt i området er Andedammen.

Det er registrert 2192 personar busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

Raste og yngleområde for andefugl.

### Landskap


Sentrumsnær park med vasspeil, opparbeidd med gangvegar og planter.

### Planstatus 2014

Område for park i reguleringsplan for Vikahaugane R-214-000-02. Sørlegaste del er uregulert, grøntområde i kommuneplanen.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Mykje bruk til kortare turar, eller del av lengre tur. Turområde for barnehagar.					5
Regionale og nasjonale brukarar	Hovudsakleg lokal bruk.			3		
Opplevingskvalitetar	Andedammen			3		
Symbolverdi	Viktig grøn lunge i Leirvik			3		
Funksjon	Del av grøntkorridor mellom Leirvik og Landåsen				4	
Kor eigna er området	Mata ender mm.		2			
Tilrettelegging	Opparbeidde grusstiar, benkar, parkeringsplass.					5
Kunnskapsverdiar						
Lydmiljø	Støy frå veg					
Inngrep	Parken ligg omkransa av veg, idrettsanlegg og skular.					
Utstrekning	33,4 daa					
Tilgjenge	Tilgjengeleg for barnevogn og rullestol, delar av området i samsvar med krav om universell utforming					
Potensiell (auka) bruk						

# LØNNINGSÅSEN



M=1:20000

## 31 Lønningsåsen

Lokalt område

(GK)

Verdi B

### Skildring

Skogsområde mellom bustadfelta i Lønningsåsen og europavegen. Omfattar også Lønningsåsvatnet (oppdemd vassflate).

Det er registrert 1553 personar busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

### Naturverdiar

Ingen registrert i naturbase. Registrert førekomst av Soleiegro (EN) i Lønningsåsvatnet (artsdatabanken).

### Landskap


Sentrumsnær park med vasspeil, opparbeidd med gangsti langs vatnet.

### Planstatus 2014

Friområde i reguleringsplan Lønningsåsen, Leirvik del V, R-016-000 og friluftsområde i reguleringsplan Austeråsen, Lønningsåsen 201108.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Mykje brukt.			3		
Regionale og nasjonale brukarar	Lokal bruk.			3		
Opplevingskvalitetar	Lønningsåsvatnet med vassvegetasjon og gamal demning.		2			
Symbolverdi	Ingen kjend.	1				
Funksjon	Del av grøntkorridor i Leirvik			3		
Kor eigna er området	Turområde, därleg eigna for barnevogn			3		
Tilrettelegging	Grussti langs vatnet.			3		
Kunnskapsverdiar	Sjeldne botaniske førekomstar i vatnet					
Lydmiljø						
Inngrep	Demning ved Lønningsåsvatnet					
Utstrekning	45,2 daa					
Tilgjenge	Ikkje universelt utforma.					
Potensiell (auka) bruk	Skilting, betre mogelegheit for parkering.					

# SAGVÅG




## OMRÅDE SAGVÅG

Innanfor område Sagvåg ( Dåfjorden- Litlabø- Almås) er følgjande område registrert:

<b>Regionale</b>	<b>Lokale</b>	<b>Namn</b>	<b>Strand-sone</b>	<b>Marka</b>	<b>Utfarts-område</b>	<b>Nærtur-terring</b>	<b>Grønt-korridor</b>	<b>Forvaltning/Merknader</b>
			<b>SS</b>	<b>MA</b>	<b>UO</b>	<b>NT</b>	<b>GK</b>	
<b>R6</b>		<b>Baståsen – Grimsåsen</b>		<b>MA</b>				
	33	Baståsen		MA				Inngår delvis i omr.R6
	34	Storedalen / Ulvatjødno		MA				Inngår delvis i omr.R6
<b>R7</b>		<b>Sætreåsen – Bjødnahifjellet</b>			<b>UO</b>			
	35	Utslettefjellet			UO			Inngår i omr.R7
	36	Dyvikessåto		MA				Inngår i omr.R7
	37	Hustrudalen				NT		Inngår i omr.R7
<b>R8</b>	38	<b>Storavatnet</b>	SS					
	39	Almåstre	SS					Inngår i område R8
	40	Sandvik	SS					Inngår i område R8
<b>R9</b>	41	<b>Dåfjorden</b>	SS					
<b>R10</b>	42	<b>Føyne – Nautøy</b>	SS					Friluftsrådet Vest (Nautøy)
	43	Kroktjødno - Valvatnavågen	SS					
	44	Nesskogen				NT		
	45	Rossneset				NT		
	46	Rukjen				NT		
	47	Almåsskogen				NT		
	48	Blekjevikjo / Bleikjo	SS					
	49	Sætrevik	SS					
	50	Sydneset / Tjøregrovneset	SS					
	51	Lyngneset	SS					
	52	Einarsdalen				NT		
	53	Høgåsen				NT		
	54	Løkjen					GK	
	55	Lamannen				NT		
	56	Almåsen				NT		
	57	Nestjødn				NT		

# BASTÅSEN - GRIMSÅSEN



M=1:40000

## R6 Baståsen – Grimsåsen, regionalt område

Regionalt friluftsområde - ID 1221-6

7965 daa.

(UO)

OMRÅDET ER TIDLEGARE KARTLAGT OG VERDSETT SOM VIKTIG:


**Verdi B**

Innafor området er følgjande 2 område vurdert særskilt:

- Baståsen
- Storedalen/Ulvatjørno



# BASTÅSEN



M=1:20000

### **33 Baståsen**

*Lokalt område / del av regionalt friluftsområde - ID 1221-6*

*(MA)*

*Verdi B*

#### **Skildring**

Området er del av området 1221-6 Baståsen – Grimsåsen, men omfattar også areal i grensa mot Ådlandsvatnet og Vatnadalen. Tilkomst til området er frå Stuva og Vatna og Øvre Økland, det er også stisamband frå Storeldalen. Det er fleire skogsvegar/anleggsvagar og stiar i området.

Det er registrert 39 personar busett innanfor 500 meter avstand frå friluftsområdet.

#### **Naturverdiar**

Iglatjødno naturreservat: «Føremålet med vernet er å ta vare på eit fint døme på attgroingsmyr og rik flatmyr med fleire særskilde planteartar.» (Naturbase)

#### **Landskap**


Hører delvis til landskapstype 21T10-13. Det meste av området er kupert landskap med furuskog og planta granskog, i veksling med myr.

#### **Planstatus 2014**

LNF- område i kommuneplanen. Hensynssone friluftsliv (Baståsen – Grimsåsen), hensynssone naturmiljø (Stuvasetraåsen og Ulvatjødno), støysone for støy frå skytebane.

Kriterier	Tekst	1	2	3	4	5
Brukarfrekvens	Skogsveg frå Stuva er brukt ein del, elles lite bruk			3		
Regionale og nasjonale brukarar	Mest lokale brukarar		2			
Opplevingskvalitetar	Variert skog		2			
Symbolverdi	Ingen kjend	1				
Funksjon		1				
Kor eigna er området	Turområde, elles ingen spesielle		2			
Tilrettelegging	Nokre skogsvegar	2				
Kunnskapsverdiar						
Lydmiljø						
Inngrep						
Utstrekning	2313 daa					
Tilgjenge						
Potensiell (auka) bruk						

# STOREDALEN/ ULVATJØDNO



M=1:40000

## **34 Storedalen / Ulvatjødno**

*Lokalt område / del av regionalt friluftsområde - ID 1221-6*

*(MA)*

*Verdi A*

### **Skildring**

